

## **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 18.12.2015**

### **Handsaming i møte**

Leiar i kontrollutvalet, Inge Reidar Kallevåg, er også styreleiar i to fylkeskommunale selskap. Kontrollutvalet vurderte at han likevel er habil til å handsame denne saka, men at det må gjerast ny vurdering i høve dette i samband med første prosessmøte.

Forvaltningsrevisor i Deloitte Birte Bjørkelo orienterte om korleis dei gjennomfører arbeidet med analyse og plan for selskapskontroll og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

1. Kontrollutvalet ber Deloitte AS gjennomføre overordna analyse av risiko- og vesentlighetsvurderingar i Hordaland fylkeskommune, samt utarbeide forslag til plan for selskapskontroll for perioden 2016 – 2020.
2. Forslag til prosjektplan av november 2015, med dei endringar som kom fram i møtet, ligg til grunn.
3. Det er ei målsetting at prosessmøte I skal gjennomførast i møte i kontrollutvalet 4.4.2016 og at prosessmøte II skal gjennomførast i møte 21.6.2016.
4. Det er vidare ei målsetting at forslag til plan for selskapskontroll for 2016 – 2020 skal leggjast fram for fylkestinget i oktober 2016.